



\*  
Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartement  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
\*

## RAPPORT OM ELEKTRONISK RØYSTEGJEVING

Bømlo formannskap vedtok i møte 10.09.06 følgjande fråsegn til departementet sin rapport om elektronisk røystegjeving:

1. Bømlo kommune har på dei fleste område ikkje vesentlege innvendingar mot arbeidsgruppa sine konklusjonar.
2. Kommunen er positiv til at det vert sett i verk forsøk med elektronisk røysting for røystemottakarar oppnemnde av valstyret og på valtinget. Bømlo kommune ønskjer av den grunn å søkja om deltaking i eit slikt forsøk. Forsøk med førehandsrøysting bør prioriterast.
3. Kommunen legg likevel til grunn følgjande føresetnader:
  - tilfredsstillande tryggleik (nettverk, maskin- og programvare),
  - innsyn i og verifisering av system og programvare for valstyre og observatørar, og
  - at maskin- og programvare vert konstruert ut frå prinsippet om universell utforming og tilrettelagd også for m.a. eldre og funksjonshemma – jf. fråsegn frå Bømlo eldreråd.
4. Ved lokalval må det også ved elektronisk røysting vera enkelt å røysta på person, og gjera endringar på røystesetelen for å markera tilleggsrøyster.
5. Kommunen er derimot sterkt skeptisk til elektronisk røysting i ukontrollerte miljø. Dette m.a. av omsyn til tryggleik på nettet (som i dag ikkje er god nok), personvern og ikkje minst for å sikra veljarane mot utilbørleg påverknad.
6. Ei ev. framtidig opning for elektronisk røysting i ukontrollerte miljø må ha som føresetnad innføring av eit nasjonalt ID-kort med elektroniske nøklar og e-signatur, utferda av nasjonal styresmakt (jf. opplysningane frå Estland).
7. Elektronisk røysting må byggja på eit nasjonalt elektronisk manntal.

Eldrerådet si fråsegn, som det er vist til i pkt. 3, har slik ordlyd:

- Eldrerådet er samd med arbeidsgruppa i at Noreg må "ile langsomt" når det gjeld elektronisk røystegjeving.

- Omsynet til tryggleik, personvern og tilgjenge tilseier at det vert gjennomført svært grundige forsøk før ein ev. går vidare med prosjektet.
- Ved ei ev. innføring av elektronisk røysting må det i lang tid vera høve til også å røysta på tradisjonell måte.
- All maskin- og programvare til system for elektronisk røysting må konstruerast ut frå prinsippet om universell utforming, slik at brukartilgjenge for m.a. eldre og funksjonshemma må vera minst like god – og helst betre – enn ved dagens papirbaserte valløysingar.

Frå rådmannen si saksutgreiing, som låg til grunn for både eldrerådet og formannskapet sine vedtak, tar eg med følgjande:

Innleiingsvis er det kanskje rett å peika på at kombinasjonen IKT og val slett ikkje er noko nytt. I samband med oppteljinga – særleg gjeld dette kandidatføringa ved kommunestyreval – har i alle høve vår kommune nytta EDB/IKT i snart 20 år. Ved kommunestyrevalet i 2003 vart det også nytta skanning og optisk teljing av røystesetlane.

Som opplyst tidlegare i saksutgreiinga er heller ikkje elektronisk val i vallokala noko heilt ukjent i Noreg. Forsøk vart gjennomførde i 2003, evalueringa i etterkant synte at både veljarane og valansvarlege stort sett var nøgde med gjennomføringa.

Arbeidsgruppa som departementet sette ned har lagt fram ein svært grundig rapport, der dei ulike sidene ved saka er drøfta på ein svært grundig og sakleg måte. Gruppa sine konklusjonar – referert ovanfor – kan kort summerast opp slik:

- Innføring av elektronisk røysting vil på kort sikt ikkje medføra økonomiske innsparingar.
- Tryggleiken i eksisterande system er ikkje god nok.
- Elektronisk røysting i ukontrollerte miljø (t.d. heimafrå over Internett) vil vera svært tvilsamt med omsyn til hemmelege val og vern av veljarane mot utilbørleg press.
- Internettløysingar er førebels ikkje sikre nok mot misbruk (t.d. såkalla "hacking")
- Dei tekniske løysingane for elektronisk løysing i kontrollerte miljø (førehandsrøysting hjå røystemottakarar oppnemnde av valstyret og på valtinget) er enno ikkje gode nok, spesielt ikkje med omsyn til innsyn, kontroll og verifisering.
- Det bør setjast i verk forsøk med elektronisk røysting.

Rådmannen er i hovudsak samd i arbeidsgruppa sine vurderingar og konklusjonar.

Under føresetnad av at det vert funne fram til enkle og sikre tekniske løysingar, med open kjeldekode og høve til innsyn og kontroll for valstyre og observatørar, og personvernomsyn vert sikra, bør det ikkje vera prinsipielle innvendingar mot ein overgang til elektronisk røysting i kontrollerte miljø, dvs. ved førehandsrøysting for oppnemnde røystemottakarar og på valtinget. Særleg når det gjeld førehandsrøystinga vil truleg eit elektronisk opplegg vera både sikrere og meir publikumsvennleg enn dagens ordning. Eg tenkjer då særleg på at me då vil sleppa oppbevaring av

konvoluttar ved røystesetlar (som heilt klårt medfører ein viss risiko både for tap og ikkje minst brot på prinsippet om hemmeleg val).

Kravet til "enkle og sikre tekniske løysingar" må ikkje minst gjelda personrøyster ved lokalval og rettingar på "røystesetlane". Personval (tilleggsrøyster) må vera minst like enkelt som i dag. Vilkåra i Europarådet sin rekommandasjon om elektronisk røysting og europeisk kodeks for god valpraksis av 2002 må vera minimumskrav.

Det er spørsmålet om elektronisk røysting i ukontrollerte miljø (i praksis røysting over Internett heimafrå eller frå arbeidsplassen) som skaper både praktiske, tryggingmessige og ikkje minst prinsipielle problem.

Det er liten tvil om at Internett i dag ikkje er nokon sikker kanal for bruk ved røysting. Dette er då også konklusjonen frå evalueringar i t.d. USA, Storbritannia og Irland.

Problema med tryggleiken er likevel noko som kanskje kan løysast på sikt. Dei prinsipielle vanskaner er langt vanskelegare å løysa.

Dersom det vert opna for røysting i ukontrollerte miljø – utan omsyn til om det vert nytta elektronisk røysting eller røysting ved hjelp av brev – har me ikkje lenger nokon garanti for at kravet om hemmeleg val vert ivareteke på ein tilfredsstillande måte. Det vert og opna for utilbørleg påverknad av veljaren (t.d. såkalla "family voting") og kjøp og sal av røyster. Ved å gjera det mogeleg for veljaren seinare å røysta på nytt i kontrollerte miljø, vert denne risikoen kanskje redusert, men han vert på ingen måte heilt borte. Eg minner her om at Stortinget så seint som i forkant av stortingsvalet 2005 endra vallova med sikte på å hindra "family voting".

Eg kan også opplysa at framståande internasjonale rettslærde påstår at elektronisk røysting i ukontrollerte miljø vil vera i strid med den europeiske menneskerettserklæringa. La meg leggja til at andre rettslærde hevdar at ein ikkje kan dra så bastante konklusjonar. Desse peikar m.a. på at systemet med brev røysting opnar for røysting i ukontrollerte miljø, men at dette er akseptert ut frå prinsippet om at flest mogeleg skal få høve til å nytta røysteretten sin. Også elektronisk røysting heimafrå ved bruk av t.d. Internett må vurderast ut frå dette prinsippet.

Etter mi meining må ei framtidig opning for elektronisk røysting i ukontrollerte miljø ha som føresetnad innføring av eit nasjonalt ID-kort med elektroniske nøklar og e-signatur, utferda av nasjonal styresmakt (jf. opplysningane frå Estland i innleiinga til denne saksutgreiinga).

Elektronisk røysting har nær tilknytning til elektroniske manntal. Slike manntal – for heile landet – har vore tilgjengelege i svært mange år, men berre som eit praktisk hjelpemiddel til oppdatering av manntalet og førebels avkryssing av førehandsrøyster (den endelege avkryssinga skjer i pairmanntalet, rett nok ved direkte overføring frå det elektroniske). Noko offisielt, samla manntal for heile landet finst ikkje. Det offisielle manntalet – som kan vera elektronisk eller på papir – vert produsert kommune for kommune.

Arbeidsgruppa drøfter spørsmåla som gjeld manntal svært lite, noko eg ser som ein veikskap. Tida burde no vera overmogen for å få ei ordning med eit offisielt, elektronisk manntal for heile landet. Eg viser her til saksutgreiinga i sak 06/72 i formannskapet sitt møte 22.08.07, der eg skisserte følgjande mål:

- Landsomfattande elektronisk manntal (men med nedbrekking på kommunenivå)
- Manntalet vert oppdatert fram til valdagen, eller så nær denne som praktisk mogeleg (dette skjer også i dag med det elektroniske manntalet)
- Veljarane skal røysta i den kommunen der dei er busette (folkeregisterførte) på valdagen, eller så nær som mogeleg opp til valdagen
- Avkryssingsmanntala vert utskrivne frå det elektroniske manntalet dagen før valdagen. Dette skjer i den enkelte kommune (dette kan gjerast også i dag utan praktiske problem)
- Førehandsrøystingar vert avkryssa i det elektroniske, landsomfattande manntalet, og kjem med i avkryssingsmanntalet
- Førehandsrøyster føl veljaren ved flytting


Etter mi meining er dette aktuelle problemstillingar også i tilknytning til drøftingane om elektronisk røysting.

Rådmannen summerte opp saka slik:

- Bømlo kommune bør ikkje ha vesentlege innvendingar mot arbeidsgruppa sine konklusjonar.
- Kommunen har i prinsippet ikkje innvendingar mot at det vert sett i verk forsøk med elektronisk røysting i kontrollerte miljø, dvs. førehandsrøysting for røystemottakarar oppnemnde av valstyret og på valtinget. Dette likevel under føresetnad av tilfredsstillande tryggleik, personvern, innsyn og verifisering. Det må vidare vera ein føresetnad at maskin- og programvare vert konstruert ut frå prinsippet om universell utforming, jf. eldrerådet si fråsegn.
- Ved lokalval må det også ved elektronisk røysting vera enkel å røysta på person, og gjera endringar på røystesetelen for å markera tilleggsrøyster.
- Kommunen bør derimot vera sterkt skeptisk til elektronisk røysting i ukontrollerte miljø. Dette m.a. av omsyn til tryggleik på nettet (som i dag ikkje er god nok), personvern og ikkje minst for å sikra veljarane mot utilbørleg påverknad.
- Etter mi meining må ei framtidig opning for elektronisk røysting i ukontrollerte miljø ha som føresetnad innføring av eit nasjonalt ID-kort med elektroniske nøklar og e-signatur, utferda av nasjonal styresmakt (jf. opplysningane frå Estland i innleiinga til denne saksutgreiinga).
- Elektronisk røysting må byggja på eit nasjonalt elektronisk manntal.

Teksten i dette brevet vert også sendt som e-post, slik at departementet har innhaldet i elektronisk form.

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE



Kristian Grutle  
forvaltningssjef